

Kleppelunden SFO

Årsplan 2025-2026

Tryggleik og vennskap-vår veg til suksess!



Med informasjonsskriv og strategiplan

INNHALDSFORTEGNELSE:

- s.3 - Velkommen til Kleppelunden SFO
- s.4 - Kommunale retningslinjer for SFO
- s.5 – Kort om SFO
- s.6 - Info om personale opningstider
- s.7 - Info om betalingssatsar og oppseiing av SFO
- s.8 - Årshjul
- s.9 - Dagsrytme på SFO
- s.10 - Info om gruppeaktiviteter, måltid, skifteklede og telefonbruk, heimsending og registrering
- s.11 - Info om ferie SFO, SFO-skulesamarbeid og foreldresamarbeid
- s.12 - Forventningar til tilsette, forventningar til føresette, for sin henting og kontaktinfo.
- s.13-20 – Strategidokument - Kva seier rammeplanen og korleis gjer vi det på Kleppelunden SFO

VELKOMMEN TIL KLEPPELUNDEN SFO

Som føresettt ønskjer du å gje barnet ditt ein god barndom og eit godt grunnlag for eit godt liv. Vi i Kleppelunden SFO vil støtte prosjektet ditt ved å bidra med å skape trygge rammer. På den måten vil barnet kunne nå måla sine og heile tida tørre å strekkje seg litt lenger.

Vi vil arbeide for at ditt barn skal få ein tydeleg plass her i SFO. Det betyr at ditt barn vert teke imot med sin personlegdom, sine talent og sine forventningar – ja, slik barnet ditt er.

Vi vil bidra til at ditt barn får ein plass i barnegruppa. Det er mange medelevar å leike med og ein ven eller to er gull verd. Samstundes er det ikkje alltid like lett å ha eit godt samspel med andre. Vi skal etter beste evne vere på vakt, følgje med og hjelpe barna med å tileigne seg dei ferdigheitene som trengs.

Vi vil at ditt barn skal føle tryggleik i skulesamfunnet. Vi er vaksne som verkeleg ønskjer å vere ein del av grunnmuren til ditt barn. Barnet ditt kan alltid koma til oss å be om litt hjelp og støtte, eller berre ein god samtale om det trengs.

Vi vil gjerne vere med på å gjere ditt barn mest mogleg robust. Det gjer vi først og fremst ved å framheva for eleven det eleven lykkast med, får til og meistarar. Ingen er gode i alt, men alle er flinke til noko.



Kommunale retningslinjer for føresette med barn i SFO

- Vi ønskjer at alle barn har faste tider kvar dag/kvar veke og at det er minst mogleg endringar/beskjedar. Dette gjeld ikkje føresette som arbeidar turnus, dei er det egne avtalar med.
- Alle barn som skal gå heim sjølv, blir sendt heim heile eller halve timar
- For barn som blir henta, venlegast ikkje ring frå parkeringsplassen for å be om at barnet skal sendast ut.
- Alle påmeldingsfristar til skulen sine feriar må overhaldast. Det blir laga bemanningsplan ut frå påmelding, og det vil derfor ikkje vera mogleg å melda seg på i etterkant.
- SFO kan ikkje organisera og følgje opp avtalar om kven som går heim med kven. Alle avtalar må gjerast heime av føresette.
- Tilsette på SFO må halda seg til avtalar som ligg i Visma og ikkje til det barnet seier. Dersom føresette har gløymt å leggja inn endringar, må de ringa SFO for å gje beskjed.
- Alle beskjeder på Visma må leggjast inn før kl.10 same dag. Vi kan ikkje garantere at beskjedar som kjem seinare blir lest i tide.
- Det er føresette sitt ansvar å følgje opp klede og utstyr barnet har på SFO. SFO kan ikkje følgje opp beskjedar om å sende heim ulike klede. Føresette må sjølv komme på skulen for å gjere dette.
- Dersom barna ikkje er henta innan stengetid, fakturerer SFO kr.200,- pr påbegynt halvtime

KORT OM SFO

Overordna mål for verksemda finn vi i Opplæringslova § 13-7: «Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skulefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår. Areal, både ute og inne, skal vere eigna for formålet».

Skulefritidsordninga er eit frivillig omsorgs- og fritidstilbod for barna i 1. til 4. klasse. Ved spesielle behov kan ein søkja om plass til og med 7. klasse. SFO er eit tilbod til barna før og etter skuletid og på skulefrie dagar.

Hovudmålet til skulefritidsordningane i Klepp er å vere ein stad «der barn opplever å bli sett, høyrte og er ein aktiv del av eit inkluderande miljø».

SFO er ein del av skulen si totale verksemd, men og ein stor del av barna si fritid. Den frie leiken blir derfor vektlagt på SFO, og det blir tilrettelagt for at barna skal kunne utfalde seg etter egne ynskjer innanfor trygge rammer og med rettleiing av vaksne dersom det trengs. Gjennom leik får barna vere ilag og dei får utvikle seg sosialt både i store og små grupper, på tvers av kjønn, alder og interesser.

Kleppelunden SFO følgjer dei same ordensreglane som elles gjeld ved Kleppelunden skule og arbeider med dei same sosiale måla. Dette gjer det stabilt og oversiktleg for barna.

Skulefritidsordningane i Klepp kommune har i fleire år arbeida etter vår eigen kvalitetsplan. Den, saman med den nasjonale rammeplanen frå 2021, skal styre innhaldet i Kleppelunden SFO framover. Korleis dette skal gjerast vert konkretisert i strategiplanen som er vedlagt. Strategiplanen skal vere eit arbeidsdokument for personalet i SFO, samt gje foreldre og andre interesserte innsyn i, og informasjon om målsetting og innhald.

Kleppelunden SFO vil alltid søkja det å vere nyskapande. Vi har fokus på utvikling og er derfor med i Nettverket for SFO, kor vi hentar mykje inspirasjon og idear. I januar startar me opp med eit aktivitetsprogram som heiter matjungelen. Det er laga for barnehage og SFO/AKS og det er eit opplegg der barn kan leike og lære meir om mat og måltids glede i praksis, samt kva som er bra mat for kroppen og kloden. Matjungelen er laga på bestilling frå Helsedirektoratet og inneheld kompetanseheving for personalet, aktivitetsopplegg for elevane og enkle oppskrifter i tråd med kostråda. Innhaldet er forankra hjå Utdanningsdirektoratet, som støttmateriell til rammeplanen.

Vi har no 3 Marte Meo-praktikarar ved Kleppelunden SFO, og vil dette året utdanne 2 til.

Basane

Kleppelunden SFO har frå hausten 2025 ca. 130 barn på SFO, fordelt på 3 basar. Vi vil sjølvstendig dele oss i mindre grupper innad på basane i ulike aktivitetar når barna har funnet sin plass i gruppa. Base 1 er i 1.trinns lokala. Base 2 i 2.trinns lokala. Base 3 er i 3.trinns lokale og består av barn frå 3.-4.trinn. Alle trinn har fellestid ute, og i feriar vil vi slå oss saman alt etter kor mange elevar som er påmelde. Vi har og samarbeid mellom basane i kvardagen. Endringar i personalsamansetninga kan sjølvstendig skje i løpet av skuleåret. Vi har og inne ringevikarar og i periodar har vi inne medarbeidarar i ulike praksisar.

Personalet 25/26

Det kan bli endringar i løpet av året.

Morgon SFO: Rullering blant heile personalet.

Base 1: Janne, Olena, Mariann, Anette og Torstein (baseleiar)

Base 2: Ingrid, Veronica, Ida og Christopher (baseleiar)

Base 3: Cecilie (lærling), Mariet, Kenneth, Jeanette og Kjersti (baseleiar)

Følgande vikarnamn som hjelper til i ferier og elles kan vera: Meile, Tord, Gina, Magnus, Leah, Amund, Hassan, David, Danyil, Sofiia og Henni.

Kokk: Kristina Aputiene

SFO- leiar: Sigrund Serigstad – 934 70 217, sigrund.serigstad@klepp.kommune.no

Opningstider på SFO

Vi har ope kvar dag frå skuleslutt til kl:16.30. Morgontilbodet er ope frå kl:07.00 til skulestart. Dei som skal på morgon-SFO må vere på plass innan kl 7.45. Kjem dei etter det må dei vente ute til skulen startar. Berre dei som er påmeldt morgon SFO kan bruke tilbodet. Elevane kan berre bruke morgon-SFO dei dagane dei har plass på SFO.

Ein kan velje å ha 100% plass, 80% (fire dagar), 60% plass (tre dagar gratis for 1.,2. og 3. trinn) og 40% (to dagar gratis for 1., 2., og 3. trinn). Morgontilbodet er ein del av det ordinære tilbodet. SFO har ope heile skuleåret, òg på skulefrie dagar. Unntaket er ”raude dagar”, fem planleggingsdagar i året, juli månad, julafta og nyttårsafta. Alle som har SFO-plass kan bruke SFO i feriane på dei same dagane/vekene dei nyttar elles. Med så mange barn på SFO ser vi oss nøydd til å vere restriktive med “spesialordningar” for SFO-plass, og ber dykk velje plasstilbod ut frå kommunens liste. For at vi skal kunne fordele og bruke ressursane våre best mogleg for elevane, så treng vi informasjon om kven som ønskjer å bruke morgontilbodet og når elevane blir henta/skal gå heim om ettermiddagane.

Planleggingsdagar for SFO skuleåret 2025/2026 er: 11. august, 12. august, 14.november, 2. januar og 7. april.

SFO har ikkje tilbod desse dagane.

Skuleåret 2025 – 2026

1. - 3. trinn er del av den nasjonale ordninga om 12 timar gratis kjernetid i SFO.

Tilbod inklusiv morgontilbod	1. - 3. trinn frå 01.08.25**	4. trinn frå 01.08.25
5 dagar pr veke	kr. 1.560,-	kr. 3.890,-
4 dagar pr veke	kr. 845,-	kr. 3.365,-
3 dagar pr veke	gratis	kr. 2.825,-
2 dagar pr veke	gratis	kr. 2.280,-
Matpengar 5 dagar pr veke	kr. 285,-	kr. 285,-
Matpengar 4 dagar pr veke	kr. 230,-	kr. 230,-
Matpengar 3 dagar pr veke	kr. 175,-	kr. 175,-
Matpengar 2 dagar pr veke	kr. 125,-	kr. 125,-

**) Det er innført ei nasjonal ordning om gratis kjernetid for 1.klassingar frå august 2022 , for 2.klassingar frå august 2023 og for 3.klassingar frå august 2024. Det vil sei at det er inntil 3. dagar gratis SFO-opphald, og betalar berre matpengar for desse dagane.

Ein betalar for elleve månader i løpet av eit år. Juli er betalingsfri.

Informasjon om redusert foreldrebetaling kan du finne på Klepp kommune sine [heimesider](#).

Oppseiing av plass i SFO

Det er mogleg å seie opp plassen eller endre tilbod i løpet av skuleåret. [Vedtektene](#) for skulefritidsordningane seier: «Skulefritidsordninga har ein månads oppseiingstid. Det gjeld òg for endringar i opphaldstida.

Oppseiinga gjeld frå den 1. i kvar månad. 1.mai er fristen for å gje melding om at ein ikkje skal ha SFO-plass neste skuleår. Ved oppseiing av plassen etter 1.mai må det betalast ut august månad. Oppseiing av plassen må vera skriftleg.» Vi ønskjer at oppseiingar og endringar vert lagt inn i Visma Flyt Skole (VFS) av føresette. Når ein har gjort det treng ein ikkje skrive ytterlegare mail eller brev om oppseiing. For å sjekke om oppseiing/endring er behandla må ein logge inn i VFS.

INNHALD OG ORGANISERING VED KLEPPELUNDEN SFO

August SFO open 1.-8. august +13. august: Stort fokus på å bli kjend SFO er stengt 11. og 12. august. Fokusområde: Leik	September Stort fokus på å bli kjend Potethenting og foredling hjå naboen Foreldremøte Fokusområde: Leik	Oktober Haustferie (veke 41): SFO open 6.- 10. oktober. Hugs frist for på/avmelding Base 1: Bowling Base 2: Skyland Base 3: Vitenfabrikken Fokusområde: Leik	November SFO er stengt 14. november: Fokusområde: Leseglede og fysisk aktivitet
Juli Sommarferie SFO stengt heile månaden. God sommar! 	Årshjul Kleppelunden SFO 2025/2026 		Desember 24-26. og 31. desember stengt 19. desember: Grautfest Juleferie SFO open 22. og 23. desember og 29.-30. desember Hugs frist for på/avmelding Fokusområde: Leseglede og fysisk aktivitet
Juni SFO open 22.- 26. juni + 29.-30. juni. Hugs frist for på/avmelding Grillfest Tur til Kongeparken for 4. trinn Fokusområde: Fysisk aktivitet, mat og kultur			Januar SFO er stengt 2. januar. Oppstart 5. januar Fokusområde: Leseglede og fysisk aktivitet
Mai SFO stengt 1. mai, 14.mai og 25. mai Fokusområde: Fysisk aktivitet, mat og kultur.	April Påskeferie veke 15 Hugs frist for på/avmelding SFO stengt 2.-7.april. Fokusområde: Fysisk aktivitet, mat og kultur	Mars Påskeferie veke 14 SFO er open 30. og 31. mars Fokusområde: Rørsleglede	Februar 6. februar: Samefolkets dag Vinterferie veke 9: SFO open 23.-27. februar Hugs frist for på/avmelding Fokusområde: Rørsleglede

Dagsrytme ved Kleppelunden SFO skuleåret

2025/2026

Klokka	måndag	tysdag	onsdag	torsdag	fredag
07.00	morgonSFO	morgonSFO	morgonSFO	morgonSFO	morgonSFO
08.00	Ute/klasserom/ skule frå 08.10	Ute/klasserom/ skule frå 08.10	Ute/klasserom/ skule frå 08.10	Ute/klasserom/ skule frå 08.10	Ute/klasserom/ skule frå 08.10
11.30					SFO- innkryss.
12.45		SFO- innkryss		SFO- innkryss	Styrte eller frie aktivitetar. Ute og inneleik, og grupper.
13.00		De første gruppene spiser i kantina.		De første gruppene spiser i kantina.	De første gruppene spiser i kantina.
13.25		De siste gruppene spiser i kantina. Varm-mat.		De siste gruppene spiser i kantina. Brødmåltid.	De siste gruppene spiser i kantina Varm-mat.
14.00	SFO- innkryss		SFO- innkryss		
14.10	Brødmåltid		Brødmåltid	Utetid med frileik	
14.15		Styrte eller frie aktivitetar. Ute og inneleik			Styrte eller frie aktivitetar. Ute og inneleik
14.45	Styrte eller frie aktivitetar. Ute og inneleik		Styrte eller frie aktivitetar. Ute og inneleik	Styrte eller frie aktivitetar. Ute og inneleik	
15.30	Fleire av dei vaksne går heim. Rom som ikkje er i bruk må vere ferdig rydda. Nokre gonger slår vi saman basar.	Fleire av dei vaksne går heim. Rom som ikkje er i bruk må vere ferdig rydda. Nokre gonger slår vi saman basar.	Fleire av dei vaksne går heim. Rom som ikkje er i bruk må vere ferdig rydda. Nokre gonger slår vi saman basar.	Fleire av dei vaksne går heim. Rom som ikkje er i bruk må vere ferdig rydda. Nokre gonger slår vi saman basar.	Fleire av dei vaksne går heim. Rom som ikkje er i bruk må vere ferdig rydda. Nokre gonger slår vi saman basar.
16.15	Rydding og klargjering for stenging	Rydding og klargjering for stenging	Rydding og klargjering for stenging	Rydding og klargjering for stenging	Rydding og klargjering for stenging
16.30	Vi stenger	Vi stenger	Vi stenger	Vi stenger	Vi stenger

Rammeplanen for SFO legg mykje vekt på at borna skal få vere medverkande i sin kvardag og i stor grad får velje kva dei vil gjere i fritida si. Vi legg difor opp til stor grad av valfriheit, og ønsker i stor grad at barna skal få velje aktivitetar både ute og inne. Nokre gonger må alle barna vere ute eller inne. Dette gjeld særleg perioden før mat og etter kl 15.30.

Gruppeaktivitetar

Vi tilbyr organisert gruppeaktivitet i SFO der vi tek utgangspunkt i barna sine interesser, alder, dei vaksne sin kompetanse og årstidene. Det vert til dømes forming, sløyd, musikk/dans, spel, matlaging, gym, turar og frileik. Tysdag, torsdag og fredag er dei dagane med mest organisert aktivitet. Dei fleste aktivitetane står i månadsplanen som vi publiserer på [heimesida](#).

Måltid

Vi vil alle etter planen ete i kantina, men av og til tek me maten med oss ut eller på tur. Barna får eit måltid kvar dag i SFO (to måltid i feriane). Det er brødmåltid tre dagar i veka, og tre dagar med varm-mat. Barna får mjølk til brødmåltida om dei vil, elles drikk vi vatn. Barna får òg oppskoren frukt og grønnsaker kvar dag. Vi ønskjer å ha fokus på at barna skal få sunn mat og eit godt måltidsfellesskap. Frukost til morgon-SFO må ein ha med sjølv. Dei må då kome tidleg nok til at dei rekk å ete før vi ryddar og avsluttar på morgon-SFO.

Ekstratøy/skiftetøy

Barna må ha skiftetøy i garderoben. Det må vere minst eitt heilt sett skiftetøy, gjerne ekstra bukser og strømper. Det er fint om de foreldre hugsar å sjå etter i kassen med jamne mellomrom.

Barna må ha innesko eller tøflar. Dette er særleg aktuelt om hausten og vinteren, då dei lett vert våte i garderoben. Det er også lurt i forhold til evakuering ved brannalarm.

Telefonbruk, registrering og heimsending

Dersom barna ikkje har kome til SFO etter skulen, kontaktar vi foreldra/føresette. Vi ringer ikkje heim om dei ikkje kjem på morgon SFO. Alle barna blir "kryssa inn" når dei kjem og "kryssa ut" når dei går. Det er viktig at dei som hentar barna i SFO gjer beskjed til dei vaksne når barnet går, slik at vi får "kryssa dei ut". (Obs! Det kan vise feil klokkeslett i Visma då vi ikkje har nett ute og vi kryssar ut i «bolkar» då innlogging krev litt tid.) Gje oss beskjed dersom det er andre enn foreldra som skal hente barnet, særskilt om dei ikkje hentar ofte og er ført opp på "informasjon om barnet".

Alle dagsaktuelle beskjedar skal vere inne som merknad i visma innan kl. 10.00 den dagen det gjeld. Til dømes ved fri, endring i heimsendingstidpunkt o.l. Då kan vi justere ressursane på best mogleg måte. Merknadar og sjukdom som vert lagt inn kjem opp i krysselista vår. Meldingar kjem berre til dei som vert lagt til som mottakar. Om ein kun sender til ein vaksen på avdelinga kan det vere sårbart med tanke på om beskjeden når fram eller ei. Beskjedar som ikkje berre skal til ein person/eller hastar bør ein legge inn som merknad. Ved permanente endringar kan ein leggje det inn som merknad for ein gitt periode. Eventuelt sende melding i Visma til SFO-leiar, så kan ho gjere endringar.

Vi er svært restriktive med utlån av telefonen til barna og ønskjer at avtalar om besøk hjå venar m.m. vert avtalt på førehand og lagt inn som merknad i Visma.

Heimsendingstidspunkt bør vere faste og haldast til heile og halve timar (eks. kl. 15.00 eller kl. 15.30). Elles er vi glade for at de kjem inn for å hente, slik at vi kan fortelje litt om dagen. Telefonar frå dropsona/parkeringsplass om at barna kan sendast bør unngås då det går ut over vaksentettleiken og tida vi har med barna! Smartklokker skal stå i skulemodus til barnet skal gå heim frå SFO.

Ferie-SFO

Når det er skuleferie skal dei barna som er på SFO ha det ekstra kjekt. Vi legg programmet opp etter ønskja som kjem inn ved påmelding. Elles tar vi ut på turar og har diverse aktivitetar på skulen og brukar gymsalen. Alle får to måltid (ca kl 11.00 og kl 14.00) og frukt på feriedagane. Ingen treng å ha med niste med mindre dei skal ete frukost på morgon-SFO. I forkant av kvar ferie blir de bedt om å fylle ut skjema i Visma om barnet kjem eller ei, kva for nokre dagar barnet eventuelt kjem og kor lenge barnet skal vere i SFO. Dei som ikkje melder på innan fristen **kan ikkje kome i ferien**, då vi bruker påmeldingane når vi skal lage arbeidsplanar og

planleggje aktivitetar/turar. Det er viktig med mest mogleg reelle påmeldingar slik at vi kan bruke ressursane våre på best mogleg måte. Dei som har redusert plass i SFO må nytte dei same dagane i ferien som dei gjer elles. Hugs kjernetid frå kl 10.00–14.00.

Samarbeid skule og SFO

Skulen og SFO samarbeidar i det daglege og SFO er ein integrert del av skulen. SFO-leiar deltek til dømes på interne administrasjons- og leiarmøte, i innsatsteam, på fellestid med lærarar, trinnmøter o.l. SFO-leiar deltek òg på felles kommunale nettverksmøter. SFO er òg representert i møte angående enkeltelevar i samband med andre instansar. SFO og skule har i tillegg det same samværs- og ordensreglementet og jobbar mot dei same måla i det sosiale årshjulet.

Foreldresamarbeid

Vi ønskjer nógde foreldre som er trygge på at barna blir tekne godt vare på og trivst hjå oss. Open kommunikasjon og samarbeid er viktig for å få til dette.

Vi lagar månadsplanar der de finn informasjon om aktivitetar og anna som gjeld SFO. På [nettsida vår](#) finn de meir informasjon og alle aktuelle skriv og skjema. Alle føresette får tilgang til Visma-app ved oppstart. Dette er ein felles portal for utveksling av informasjon og beskjedar mellom skule/SFO og heimen.

Kvart barn har ein primærkontakt på SFO. Den vaksne har spesielt ansvar for å følgje opp barnet og å ta kontakt med foreldra ved behov. Dette gjer barnas kvardag tryggare og det er enklare å forhalda seg til, både for barn og vaksne. Vi gjev i hovudsak tilbod om foreldresamtalar ein gong om hausten for dei som ønskjer det. SFO har meir sporadisk foreldrekontakt enn det ein har i ein barnehage, men vi oppmodar dykk foreldre til å ta kontakt med oss om de ønskjer meir informasjon eller samtale. Det same gjeld for ris og ros – det er mykje lettare å verte betre med ærlege tilbakemeldingar!

Det vert foreldremøte i september - eigen invitasjon kjem. På foreldremøte vert det valt to SFO-foreldrekontaktar og ein av desse skal i tillegg sitje i FAU.

Eit godt samarbeid mellom føresette og personalet er heilt avgjerande for at barna skal trivast. De som føresette skal kunne ha klare å tydelege forventningar til oss vaksne. Vi har òg forventningar til dykk som føresette.

Forventningar til tilsette på Kleppelunden SFO

- Tilsette tar barna på alvor – viser interesse, forståing og omsorg
- Tilsette har fokus på at alle barn skal oppleve meistring
- Tilsette gjev positiv merksemd til positive handlingar
- Tilsette gjev det enkelte barn konstruktive tilbakemeldingar
- Tilsette legg til rette for lek som inkluderer alle
- Tilsette legg til rette for eit variert aktivitetstilbod
- Tilsette snakkar og samhandlar med barna på ein positiv måte
- Tilsette legg til rette for medbestemming, slik at barna opplever å bli høyrte og at deira meining blir tillagt betyding
- Tilsette er positive til innspel og tilbakemeldingar frå føresette
- Tilsette gir informasjon og tilbakemelding om forhold som gjeld det enkelte barn
- Tilsette overheld teieplikta
- Tilsette hjelper aktivt med reguleringstøtte

Forventningar til føresette

- Føresette bidrar til eit positivt miljø ved å vera bevisste på korleis ein omtalar SFO
- Føresette har positive haldningar til dei andre barna på SFO
- Føresette gjev beskjed om forhold som kan ha betydning for barnet sin trivsel.(Personalet vil då betre kunne følge opp og gi barnet ekstra omsorg.)
- Føresette gjev tilbakemeldingar, slik at kvaliteten på SFO-tilbodet kan bli endå betre
- Føresette gjev melding om fråvær, sjukdom, endringar i hentetid så tidleg som mogleg o.l.
- Føresette følgjer med på informasjon frå SFO på Visma og på skulen si heimeside/informasjonskanal og gjev svar innan fristane som er sett.
- Føresette gjev beskjed innan oppsette fristar for kva for behov ein har i skulen sine ferie/fridagar, slik at SFO kan planleggja god bruk av personalet
- Føresette set av og til av tid til ein liten samtale når barnet vert henta
- Føresette ser jamleg etter om barnet har tøflar og skiftetøy i garderoben

For sein henting

Dersom barna ikkje blir henta innan vi stengjer vert det utstedt eit gebyr på kr 200,- for kvar påbegynte halvtime. Personalet si arbeidstid sluttar kl 16.30. Det betyr i praksis at SFO-tilsett skal kunne låse dørene til tomme lokal kl 16.30. Føresette som hentar barnet har sjølv ansvar for at dei er ute i god nok tid. Det vil først bli gitt munnleg beskjed, men skjer det igjen sender vi ut rekning. Dersom du har problem med å kome fram i tide, kan du ringje og vi er behjelpelege med å finne ei løysning. Får vi ikkje tak i føresette ved for sein henting har vi rutinar som sikrar barna.

Kontakte oss?

Dagsaktuelle beskjedar må sendast i Visma innan kl. 10.00.

Leiar er normalt å treffe kvar dag mellom 07.00 – 15.30.

Telefonnummer følger basen som trinnet er på.

Base 1: (1. trinn): 934 70 218

Base 2: (2. trinn): 969 43 104

Base 3: (3. og 4.trinn): 969 43 916

SFO-leiar: sigrund.serigstad@klepp.kommune.no Tlf: 934 70 217

Heimeside: [Kleppelunden skule](#)

Strategidokument

2025-2026

Kleppelunden SFO

Saman om ein god start!

I samband med utvikling av «SFO handboka» i 2013 vart det retta eit større fokus på innhald og kvalitet i SFO. Klepp kommune utarbeidde i ettertid nokre fokusområde som skulle prega innhaldet. Våren 2017 vart desse reviderte i den nye kvalitetsplanen for SFO som igjen blei justert skuleåret 18/19. Dette, i samråd med nasjonal rammeplan for SFO frå 2021 er med å forma SFO-året på Kleppelunden skule.

Visjon, mål og verdigrunnlag

Visjonen til Klepp kommune ligg til grunn for arbeidet vårt: «**Med blikk for alle**».

Hovudmålet til skulefritidsordningane i Klepp er å vere ein stad «**der barn opplever å bli sett, høyrte og er ein aktiv del av eit inkluderande miljø**».

Verdigrunnlaget til SFO, forankra i den nasjonale rammeplanen, byggjer på grunnleggjande verdiar som òg gjeld for barnehage og grunnsopplæring. Verdigrunnlaget skal prege alt arbeid og innhald i SFO.

Verdi-grunnlaget	Utdrag av kva rammeplanen seier. (Fullstendig utgåve)	Korleis vi skal jobbe med dette på Kleppelunden SFO
Eigenverdien til barndommen	<i>Barndommen har ein eigenverdi, og SFO skal, i samarbeid og forståing med heimen, dekkje behovet barna har for omsorg og tilsyn, samtidig som det blir gitt rik moglegheit for meningsfull fritid og leik. SFO skal bidra til trivsel og glede i sjølvvald leik og tilrettelagde aktivitetar, og gi rom for rekreasjon og kvile. Barnets beste skal alltid vere eit grunnleggjande omsyn</i>	Gjennom godt samarbeid med heimane. SFO skal være tilgjengelege ved behov. På Kleppelunden SFO sett vi opp ulike aktivitetar barna kan velje om dei vil delta på. Aktivitetar som for eksempel tur, kan ikkje barna velje vekk utan at det er heilt spesielle grunnar for dette. Vi jobbar for barns medverknad samtidig som vi har nokre faste ting alle må vere med på. Om eit barn vil kvile med ei bok eller fargelegging, legg vi til rette for dette. God relasjon til og kommunikasjon med barna vil være avgjerande for at barna skal føle seg sett og høyrte.
Tryggleik, omsorg og trivsel	<i>SFO skal ivareta og møte behovet som barna har for omsorg, tryggleik, trivsel, tilhøyrse og anerkjenning.</i>	På SFO skal dei vaksne være tett på barna og involvere seg i leiken.

	<i>Omsorg er ein føresetnad for barn sin tryggleik og trivsel og for utvikling av empati. I SFO skal kvart enkelt barn bli sett og få støtte til å utvikle empati og vise omsorg for andre. Barn skal både få omsorg og givast moglegheiter for å gi omsorg SFO skal fremje den fysiske og psykiske helsa til barna og bidra til at dei opplever glede og meistring</i>	Dei vaksne er bevisste på språket sitt og at dei gjev tydelege beskjedar. Det gjer barna trygge, dei vaksne er gode rollemodellar og i tillegg blir den gode tonen sett. Dei vaksne gjev positive tilbakemeldingar på positive handlingar og er heile tida på “jakt” etter dette. Vi jobbar ut i frå at «det du gir mest merksemd, får du mest av». Handlingar som skil seg ut i positiv retning får ofte høglytt ros. Barn med klare fysiske eller sosiale utfordringar skal kvar dag ha ein vaksen med særskild ansvar for å hjelpe seg til praktiske gjeremål og til å bli inkludert i leiken. I august og september er det stort fokus på å bli kjent og reglar vert repetert jamnleg. Dagsplan vert og nytta. SFO har rutinar for å sjekke at alle barna blir sett og for å kartlegge relasjonar mellom vaksne og barn. Avgrensa uteområde i utetida gjer at dei vaksne fangar opp om nokon vert gåande åleine. Fysisk aktivitet er viktig for alle, spesielt sidan det påverkar den psykiske helsa i stor grad. Difor legg vi til rette for mykje leik og bevegelse i utetida. Vi snakkar og om at alle ikkje kan alt, men alle er gode i noko. I alle aktivitetar ønskjer vi at barna skal oppleve meistring. Det betyr mykje for barnet. Alle tilsette skal jobbe aktivt med å gi reguleringsstøtte til barna som hamner utanfor toleransevindauget.
Mangfald og inkludering	<i>Respekt for ulikskap og anerkjenning av mangfald skal leggjast til grunn for arbeidet i SFO. Gjennom å anerkjenne dei ulike føresetnadene, perspektiva og erfaringane til barna kan SFO bidra til at barna får utvikle eit positivt forhold til seg sjølv og til eigen og andre sin kultur og erfaringsbakgrunn.</i>	Gjennom samtalar legg vi til rette for at barna skal sjå på ulikhetar og mangfald som ein styrke. Vi snakkar mykje om at alle er gode til noko og ingen i alt, samt viktigheita av å respektere og anerkjenne alle. I hovudsak får barna velje sjølv kva dei vil gjere og kven dei vil vere med, men nokre gonger set dei vaksne saman grupper der barna må øve på å vere med nokon dei ikkje kjenner like

		godt. Når vi øver på å vere i lag tileignar vi oss viktige eigenskapar. Vi har fleire tilsette frå mange ulike land som bidreg til å gjere Kleppelunden SFO til ein plass for alle, uansett bakgrunn.
Skaparglede, engasjement og utforskartrong	<i>Ved å ta utgangspunkt i skaparglede, engasjementet og utforskartrongen til barna skal SFO gi ei god ramme for heilskapleg utvikling og læring. Læring i SFO går først og fremst føre seg gjennom lek, sjølvvalde aktivitetar og samhandling med andre barn og med personalet i SFO. SFO skal anerkjenne at å leike er ein typisk veremåte blant barn, og at leiken har ein eigenverdi. SFO skal prioritere tid og rom for lek</i>	Barna får god tid til å leike fritt både inne og ute i løpet av SFO-tida. Dei vaksne skal leggje til rette for varierte aktivitetar som barna i stor grad skal få velje sjølv om dei vil delta i. Barns medbestemming skal stå høgt. Dei vaksne skal vere til stades i leiken og rettleie der det trengs. På den måten vil og dei vaksne kunne fange opp kva som engasjerer barna og jobbe vidare ut i frå det.
Demokrati og fellesskap	<i>SFO skal fremje demokrati, motarbeide alle former for diskriminering og byggje verksemda si på prinsippet om likestilling og likeverd. SFO skal bidra til at barn møter og ser verdien av eit likestilt samfunn der alle har moglegheit til å bli sett og høyrte.</i>	Dette jobbar vi med i det daglege, både i samtalar med barna og gjennom rettleiing i “her og no”-situasjonar. Vi har jamnleg barnemøter der vi diskuterer ulike ting som er aktuelt. Ved ei avstemming vil fleirtalet/demokratiet bestemme. Vi får og øvd oss på at ting ikkje alltid blir heilt slik vi hadde ønska. Dei vaksne jobbar for å utvikle og oppretthalde gode haldningar hjå barna. Vi ønskjer at dei skal tenkje «vi og oss» i staden for «eg, meg og mitt». Barna får etter tur ansvar for ulike gjeremål som gagnar fellesskapet. Dei blir meir sjølvstendige og veks på utfordringane.
Berekraftig utvikling	<i>Berekraftig utvikling omfattar samanhengen mellom sosiale, økonomiske og miljømessige forhold. SFO skal støtte opp under verdier, haldningar og handlingar som fremjar ei berekraftig utvikling. SFO skal støtte barna i å utvikle naturglede og i å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen.</i>	Vi tek ofte med oss posar på tur slik at vi kan plukke søppel. Vi har nokre gonger samling der vi sorterer avfallet vi finner. Vi ryddar etter oss på turane våre. Inne kjeldesorterer vi mat, rest og papir. Vi forsøker å bruke materialar vi har tilgjengeleg, gjenbruk, ting frå naturen i aktivitetar/kunst ol. Kokken nyttar så mykje av matrestane som mogleg.

Innhaldet i SFO

Til samanlikning er fokusområda i Klepp kommune sin kvalitetsplan medborgarkompetanse og sosialt medansvar, leik som utviklingsarena, helse, miljø og fysisk aktivitet og kunst, kultur og kreativitet. Skilnaden er at Klepp kommune ønskja å framheve sosial kompetanse som eige fokusområde, medan den nasjonale rammeplanen framhevar mat og måltidsglede.

Tema i rammeplanen	Utdrag av kva rammeplanen seier. (Fullstendig utgåve)	Korleis vi skal jobbe med dette på Kleppelunden SFO
Leik	<i>Leiken skal ha stor plass i SFO, og barna skal ha tid og rom til leik kvar dag. Alle barn skal få moglegheit til aktiv deltaking i leiken og å oppleve meistring. SFO skal leggje til rette for og støtte opp om at leiken kan stimulere til vennskap, relasjonsbygging, språkutvikling, undring og kreativitet. SFO skal leggje til rette for leik som engasjerer og inspirerer barna i aktivitet og til aktivitet, og som kan bidra til allsidig utvikling og læring.</i>	Vi legg til rette for mykje leik og variert leik kvar dag gjennom heile året. Dei vaksne skal vere tett på for å fange opp det som skjer og rettleie barna på best moglege måte. Vi skal gjennom heile skuleåret forsøke å fornye leikesonane våre og spele på det som fengjer barna slik leiken kan stimulere til utvikling og læring. Elevane skal stort sett få velje leik etter eigne interesser og ønske.
Kultur	<i>Kultur skal ha ein viktig plass i SFO. SFO skal leggje til rette for at barna får delta i ulike kunstnariske og kulturelle aktivitetar, slik som musikk, dans, drama og anna skapande verksemd</i>	Vi har mykje formingsaktivitetar i SFO der barna blir kjent med ulike materialar og teknikkar.
Fysisk aktivitet og bevegelsesglede	<i>SFO skal vere ein arena for dagleg fysisk aktivitet som kan fremje rørsleglede og den motoriske utviklinga til barna. SFO skal leggje til rette for at alle barn får delta i variert rørsleleik og fysisk aktivitet, og bidra til aktivitetslyst. SFO bør leggje til rette for aktivitetsformer som kan bidra til rørsleglede, og som oppstår i leik saman med andre barn. SFO bør leggje til rette for at barna kan vere utandørs ein del av tida dei er i SFO kvar dag. SFO kan vurdere korleis område i lokalmiljøet, til dømes skogholt, andre naturområde eller aktivitetsanlegg, kan brukast i leik, utforsking og fysisk aktivitet.</i>	Vi legg til rette for mykje fysisk aktivitet i utetida på det flotte uteområdet vårt. Vi nyttar gymsalen og tek elles i bruk nærområdet flittig. (Skog, idrettsanlegg, leikeplassar mm).
Mat og måltidsglede	<i>SFO skal leggje til rette for daglege måltid som gir barna grunnlag for å utvikle matglede, fellesskapskjensle og gode helsevanar. Når mat blir servert i SFO, bør SFO leggje vekt på eit helsefremjande</i>	Ved måltid er det tid for gode samtalar og barna får fortelje fritt og dele med andre. Barna øver på å lytte til andre, vente på tur og det å snakke til fleire tilhøyrarar.

	<i>kosthald og byggje på kostråd frå Helsedirektoratet, og dessutan leggje vekt på berekraftige matvanar og forbruk.</i> <i>SFO bør leggje til rette for måltids glede med gode samtalar, deltaking og oppleving av fellesskap hos barna. Å lage mat saman i SFO kan gi barna erfaring med korleis dei sjølv kan lage enkle og sunne måltid, og korleis dei saman med andre kan skape trivelege rammer rundt måltidet</i>	Barna skal få tilstrekkeleg tid og ro til å ete i løpet av tida dei er i SFO. Personalet deltek aktivt i måltida. Alle vaskar hender før vi òt og kjeldesortering gjer vi både i kantina og elles på basane. Kokken vår og personalet er kjent med kostråda og gjer så godt vi kan innanfor tid og budsjett når det kjem til sunne, berekraftige matval. Kokken vår er god til å ta i bruk alle matrestar.
--	---	--

Ei inkluderande skulefritidsordning

Tema i rammeplanen	Utdrag av kva rammeplanen seier. (Fullstendig utgåve)	Korleis vi skal jobbe med dette på Kleppelunden SFO
Inkludering i SFO	<i>SFO skal aktivt bidra til å danne fellesskap der alle barn kan delta og få ei oppleving av å høyre til. SFO skal bidra til at barn opplever likeverd, sosial tilhøyrslø og sosialt fellesskap med andre barn og med personalet. Dette føreset respekt for ulikskap og anerkjenning av mangfald. Fellesskap kan opplevast i større eller mindre grupper, og i leik og tilrettelagde aktivitetar. Personalet skal observere leiken og aktivitetane til barna, vurdere om alle barn blir gitt moglegheiter for deltaking, og med utgangspunkt i interessene til barna leggje til rette for at alle barn kan delta.</i>	På Kleppelunden SFO har vi gjennom året aktivitetar i grupper på tvers av alder og klasse, slik at barna får moglegheit til å danne venskap med andre enn dei i klassen. Felles utetid bidreg også til dette. Som under «mangfald og inkludering»: Gjennom samtalar legg vi til rette for at barna skal sjå på ulikhetar og mangfald som ein styrke. Vi snakkar mykje om at alle er gode til noko og ingen i alt, samt viktigheita av å respektere og anerkjenne alle. Dei vaksne i SFO kjenner godt til viktigheita av å kjenne på tilhøyrslø. Dei vaksne skal vere tett på barna for å kunne sørge for at alle vert inkludert i leik. I tillegg til å høyre med barnet sjølv, samarbeider SFO og med kontaktlærarar/miljøpersonell i skulen om vi mistenkjer ekskludering.

Samarbeid i skolefritidsordninga

Tema i rammeplanen	Utdrag av kva rammeplanen seier. (Fullstendig utgåve)	Korleis vi skal jobbe med dette på Kleppelunden SFO
Overordna om samarbeid	<i>Omsynet til barnas beste skal liggje til grunn når SFO samarbeider med foreldre, skole, barnehage og andre offentlege instansar.</i> <i>SFO skal leggje til rette for god dialog og samarbeid med foreldra. SFO skal gi foreldra informasjon om tilbodet, avklare gjensidige forventningar og leggje til rette for at foreldre kan bidra i arbeidet med å vidareutvikle kvaliteten</i>	Vi ser på SFO som ei naturleg forlenging av skuledagen. Skule og SFO samarbeider på mange vis. SFO-leiar er ein del av skuleleiinga og deltek på kommunale møter med dei andre SFO-leiarane. SFO er òg representert i møte angående enkeltelevar i samband med andre instansar. SFO og skule har i tillegg det same samværs- og ordensreglementet og jobbar mot dei same måla i det sosiale årshjulet. Ved foreldremøte tidleg i september informerer SFO godt om innhald og forventningar. Dette står og godt beskrive i årsplanen vår. Vi er heile tida mottakelege for innspel og tilbakemeldingar. SFO har eit bevisst forhold til at barn kan vere utsett for omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep. Vi kjenner og til meldeplikta til barnevernet.
Overgangs-arbeid frå barnehage til skule	<i>SFO skal bidra til å skape ein god og trygg overgang frå barnehage til skole og SFO saman med skolen og barnehagen, jf. opplæringslova § 13-5 og barnehagelova § 2a.</i>	SFO deltek på foreldremøte, trekantsamtalar og overføringsmøte i forkant av skulestart.

Kvalitetsutvikling

Tema i rammeplanen	Utdrag av kva rammeplanen seier. (Fullstendig utgåve)	Korleis vi skal jobbe med dette på Kleppelunden SFO
Overordna om kvalitetsarbeid	<i>Ein viktig del av arbeidet med kvalitetsutvikling er at personalet, med bakgrunn i erfaringane sine frå det daglege arbeidet i SFO og gjennom observasjon av barna i den daglege leiken og aktivitetar, kan reflektere og utvikle kompetansen sin og vidareutvikle praksisen for verksemda.</i> <i>SFO skal vere eit fellesskap og ein lærande organisasjon som jamleg vurderer og vidareutviklar praksisen sin.</i>	SFO driv kompetanseheving både for seg sjølve og i samspel med skulen sitt øvrige personal. Som eit ledd i kompetansehevinga vil KTT ha faste veiledningar gjennom året for personalet, der ein mellom anna reflekterer rundt eigen praksis og vaksenrolla. Vi vurderer praksisen minst to gonger i året og i tillegg kjem brukarundersøkinga anna kvart år.
Planarbeid	<i>SFO skal planleggje innhald og arbeidsmåtar, og arbeidet skal evaluerast jamleg. Planlegging gir personalet grunnlag for å reflektere og jobbe langsiktig og systematisk for å utvikle verksemda. Planlegginga skal ta utgangspunkt i lokale forhold og bidra til å realisere rammeplanen for SFO. Arbeidet skal vere basert på inkludering og medverknad frå barn.</i> <i>Kvar enkelt SFO skal utarbeide ein årsplan eller ein tilsvarende plan som skal vise korleis SFO omset verdigrunnlaget og innhaldet i rammeplanen til praksis. Planen skal vere ein arbeidsreiskap for personalet, og bidra til å gi informasjon til foreldre og andre samarbeidspartnarar.</i>	Personalet ved Kleppelunden SFO har personalmøte på ca.1 time ein gong i veka. Desse er delt opp i ulike møtetypar for å kunne dekkje heile behovet. Elles nyttar vi plandagane godt. Barna får medverke til innhald i det daglege i tillegg til gjennom utsending av ønskelister, barnemøter og i påmelding til feriane. Kleppelunden SFO publiserer ny årsplan for SFO innan 1. august kvart år.